

Etter Bjørgvin Biskop Ole D.Hagesæther sitt Visitasforedrag 17.september 2006, tok

Soknepresten og rådsleiarane Atle Dåvøy, Olaug Rong og Gustav Landro ordet og kom med fylgjande helsing:

"Dei kyrkjelege råda og soknepresten i Øygarden vil varmt få takka biskopen med følgje for flotte visitasdagar. Takk for gode samlingar, samtalar og for at biskopen har teke oss på alvor når vi i leiinga i Øygardskyrkjelydane "Nord om Svelgen" har sagt at prestegjeldet er "Klar til Forhaling."

I samråd med biskopen er vårt mål for det vidare arbeidet å be og arbeide for:

1. At menneske i Øygarden vert kalla til tru på og lydnad mot Jesus Kristus, slik at dei med oss kan verta frelst og nå Himmelen.
2. At kristen diakoni og kjærleik kan fylle prestegjeldet si verksemd.
3. Godt samvirke mellom embete og råd.
4. Gode relasjonar mellom den offisielle kyrkja og det friviljuge kristne arbeidet.
5. Gode og bibeltru prestar til Øygarden prestegjeld òg i framtida.
6. Eit bibelsk basert bispetilsyn for Øygarden prestegjeld, andre kyrkjelege einingar og einskildpersonar som står i den same klassiske kyrkjetradisjonen som oss.
7. Eit nytt kyrkjeleg rom, i lojalitet mot vårt evangelisk-lutherske trusgrunnlag i Skrift og Vedkjenning, gjerne på økumenisk og internasjonal basis.

Kristus mellom oss, håpet om herlegdom! (Kol.1,27b)"